

## Årsmelding OIL Volleyballgruppa 2009

På årsmøte 2008 vart dette styret valgt: Leiar: Trude Jacobsen Nestleiar: Turid Sandstad Herland Kasserar: Siw Jacobsen Skrivar: Therese Waage Bjørkmann Styremedlem: Jostein Jacobsen Val komité: Trude Jacobsen Oppmenn: - 1. div. damer: Ragnhild Eri Pressetalskvinne: Ragnhild Eri I år har volleyballgruppa hatt ca. 12 medlemmer, og eit lag i serien vår 09 (1. div. damer).

ANLEGGSSITUASJON Damelaget har i 2009 trena 2 gonger i uka. Og har fortsatt godt samarbeid med BSI. Heimekampane vår -09 har laget spelt i Osterøyhallen.

KURS/UTVIKLING I år har ingen av våre medlemmar deltatt på kurs.

ØKONOMI Hovudsponsorane som har våre med oss i år er: LOBAS og Ruukki. Stor takk for god støtte. Arrangerte også påskecup i lag med Fotlandsvåg. Salg av Ullmax (superundertøy) Var med å arrangerte NM U-19 i Bergen. Gruppa har fortsatt litt ”volleyball t-skjorter” og fleece gensere igjen for salg.

Lokalpressa er fortsatt flinke til å skriva om volleyball, og gjer oss dermed god markedsføring. Tusen takk til Bygdanytt.

SPORTSLIGE PRESTASJONER I sesongen 2008/2009 kom laget på 2. plass i avdelingen. Og 4.plass på total rankingen av total 13 lag. Deltok i all 3 1. Divisjonsturneringer, plassering me fekk var ein 4.plass, ein 3.plass og en 7.plass i siste turneringen. Pga. ein del spelarar slutta og bytta lag, vart 1. div. plassen vår overført til Rossvoll i Hardanger. Me var 7 spelarar igjen som meldte overgang til Rossvoll, og har spelt med dei denne sesongen 2009/10. Spelarane som meldte overgang var Nina Farsund, Therese Bjørkmann, Ragnhild Eri, Renate Turøy, Airin Espelid, Tonje Gravdal og Trude Jacobsen. Trine Sundfjord og Katarina Kucerkova meldte overgang til Trio. Veronica Olsen meldte overgang til Lyderhorn. Turid Herland la opp. Deltok i åpningsturnering i Bergen med Rossvoll før sesongstart, og fekk 2.plass. Laget deltok i årets NM Veteran i Førde.

Osterøy IL, Volleyball har ingen lag i serien.